



Notat

Dato: 14.10.2015
Arkivsak: 2015/9824-2
Saksbehandlar: birhau

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt i Hordaland

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå fylkesutvalet 24. september 2015 der det etter spørsmål frå Silje Hjemdal vart fatta følgjande vedtak:

«Nye Åsane vgs er av flere omtalt som et yrkesopplæringsfyrtårn i Hordaland. For Frp er det viktig å gjøre tiltak for å løfte yrkesfagenes status. En måte å gjøre dette på vil kunne være å gjøre Nye Åsane vgs til det første Vardeprosjektet i Hordaland. Skal dette kunne realiseres, må dette innarbeides i utlysningen av anbudet.
Er dette noe fylkeskommunen har vurdert i sitt arbeid?
Kan fylkesutvalget få en vurdering av muligheten for å realisere dette?»

Anbudsrunnda for Nye Åsane videregående skole kjem etter planen i andre kvartal 2016.

Opplæringavdelinga vil i god tid før anbodskonkurransen vert lagt ut, greie ut om det er mogleg å gjere Nye Åsane videregående skole til eit Vardeprosjekt. Ved vurderinga av om det er aktuelt med Vardeprosjekt, vil fylkesrådmannen leggje til grunn at dei ulike prosessane inkludert bygging og oppstartstidspunkt for skulen ikkje skal verte forseinka som følgje av Vardeprosjekt-deltaking. Vidare vil det og vere ein føresetnad at eit Vardeprosjekt ikkje fører til auka kostnader for skulebygget.

